



## Møteprotokoll for Plan- og kommunalteknisk utval

**Møtedato:** 24.05.2018  
**Møtestad:** Osterøy rådhus - heradsstyresalen  
**Møtetid:** 13.00 - 15.00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Atle Solberg	H	Utvallsleiar
Annbjørge Bysheim Herland	KRF	Medlem, gjekk frå møtet kl. 14.50
Lars Fjeldstad	SP	Medlem
Øyvind Litland	AP	Nestleiar
Ragnar Tyssebotn	FRP	Medlem
Siren Tyssebotn	FRP	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Torunn Åsheim	AP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Andrea Hartveit	AP	Torunn Åsheim

**Følgjande frå administrasjonen møtte:** Rådmannen v/leiar for teknisk forvaltning Hege Eeg og utvalssekretæren

### Sakliste

Saknr	Tittel
048/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
049/18	Godkjenning av møtebok
050/18	Delegerte saker
051/18	87/1 - Hoshovde - søknad om dispensasjon for planering av naustområde og etablering av kaifront
052/18	89/56 Mjøs - Søknad om dispensasjon for bruksendring av del av bygning og etablering av parkeringsplass
053/18	14/379 - Hatland - Søknad om dispensasjon - utnyttingsgrad for oppføring av 2 rekkjer

med 4 einebustader i kvar rekkje - ny handsaming av dispensasjonssøknad

- 054/18 146/102 - Reigstad Søndre - Søknad om dispensasjon for oppføring av mellombels bustadbrakker
- 055/18 146/108 - Reigstad - oppført mur er tilbakeført - søknad om dispensasjon er trekt
- 056/18 gbnr 136/127 Eide, handsaming av klage - dispensasjon utnyttingsgrad, søknad om løyve til tiltak - bustadhus.
- 057/18 Sakspapir 1/79 Loftås - Søknad om dispensasjon - endra møneretning ved oppføring av einebustad
- 058/18 Oppstart av arbeid med reguleringsplan og offentleg ettersyn av planprogram for detaljregulering Olsneset - NKKS- Bruvik gbnr 154/1 planID 12532014002
- 059/18 Tildeling av fellingsløyve for hjort 2018 - fordelingsnøkkel

**048/18: Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

**24.05.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Det var ikkje merknader til innkalling og saksliste.

**PL - 048/18 VEDTAK:**

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

---

**049/18: Godkjenning av møtebok**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå vert godkjend.

**24.05.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Det var ikkje merknader til utsend møteprotokoll frå møtet 25.04.2018.

**PL - 049/18 VEDTAK:**

"Møteprotokoll frå 25.04.18 vert godkjend."

---

**050/18: Delegerte saker**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Melding om delegerte vedtak vert teken til vitande.

**24.05.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

**AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**PL - 050/18 VEDTAK:**

"Melding om delegerte vedtak vert teken til vitande."

-----

**051/18: 87/1 - Hoshovde - søknad om dispensasjon for planering av naustområde og etablering av kaifront**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

"Kommunen gjev ikkje dispensasjon frå reguleringsføresegn § 2, punkt 2.3 for planering av naustområde, bygging av kaifront og oppføring av 5 naust på gnr. 87, bnr. 1, Hoshovde, jf. plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-7, nr. 11, jf. § 19-2."

**14.03.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Kari L. Mjøs, KRF, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett for synfaring."

**AVRØYSTING - utsetjing**

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

**PL - 034/18 VEDTAK:**

"Saka vert utsett for synfaring."

**25.04.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Det vart halde synfaring i saka for utvalet før møtet.

Til møtet vart følgjande dokument delt ut:

- notat motteke 24.04.18 frå søkjar vedrørande byggjeløyve for kaifront og naust på Refsneset

-----

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 14.35 - kl. 14.50 med gruppemøte for AP, KRF og H

-----

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Kommunen gjev dispensasjon frå reguleringsføresegn § 2, punkt 2.3 for planering av naustområde, bygging av kaifront og oppføring av 5 naust på gnr. 87, bnr. 1 Hoshovde, jfr. plan- og bygningslova §§ 12-4, nr. 11, jfr. § 19-2."

Øyvind Litland, AP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett til neste møte."

-----

## AVRØYSTING - utsetjing

Utsetjingsframlegget vart vedteke med 5 røyster (2H,2AP,1KRF) mot 2 røyster (2FRP)

-----

### PL - 045/18 VEDTAK:

"Saka vert utsett til neste møte."

### 24.05.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Lars Fjeldstad, SP, gjorde på vegner av SP, H, AP og KRF slikt framlegg: "Kommunen gjev dispensasjon frå reguleringsføresegn § 2, punkt 2.3 for planering av naustområde, bygging av kaifront og oppføring av 5 naust på gnr. 87, bnr. 1, Hoshovde, jf. plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-7, nr. 11, jf. § 19-2.

På fylgjande vilkår:

- Kaifront skal oppførast i naturstein
- Naust skal byggjast i naturmateriale og etter skikk som står i stil med, og som er minst mogleg i konflikt med kulturmiljøet i området
- Skråning langs veg skal jordfyllast og beplantast

Grunngjeving:

Området vart ved utbetring av fylkesveg særskjemt, og tiltaket vil vera med å forskjøna området vesentleg. Oppføring av naust i klynge fylgjer opp vilkåra som er gitt i sjø- og strandsoneplanen. Tiltaket vil føra til betre tilgong til strandsona i eit område som i dag er utilgjengeleg for ålmenta.

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Kommunen gjev dispensasjon frå reguleringsføresegn § 2, punkt 2.3 for planering av naustområde, bygging av kaifront og oppføring av 5 naust på gnr. 87, bnr. 1, Hoshovde, jf. plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-7, nr. 11, jf. § 19-2. Vilkår: Fylling vert lagt jord på og sådd i, og det vert gjort enkel beplanting av tre for å dempe inntrykket frå Vegvesenet si skjæring (sett frå kyrkja), og for å binda saman grøntområda på oppsida og nedsida av fylkesvegen.

Grunngjeving: Dette er eit område som ligg i områdeplanen for Hosanger sentrum. Denne dispensasjonen er søkt om fordi planføresegna seier at område nytta til kombinert formål skal detaljregulerast. No er det ikkje lenger aktuelt å søkje om kontorbygg på tomta, og området er dermed ikkje kombinert formål lenger. Bygningsmasse er og monaleg redusert. Dette vil gje eit betre inntrykk i forhold til kyrkja og omsynet til kulturminna. I tillegg er vegen allereie bygd, endå til med fortau. Tomta er i dag nytta til steintipp. Dette er massar som er lovleg lagra på tomta for framtidig bruk til prosjektet som no vert søkt om. Me ser ingen grunn til å nekte dette prosjektet."

Det vart halde pause i drøftigane med gruppemøte for KRF, AP, H og SP frå kl. 13.20 - kl. 13.25

-----

### AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg	-	0 røyster
<b>Alternativ avrøysting</b>		
FRP sitt framlegg	-	2 røyster (2FRP)
Fellesframlegget	-	5 røyster (2AP,1H,1KRF, 1SP)

#### PL - 051/18 VEDTAK:

"Kommunen gjev dispensasjon frå reguleringsføresegn § 2, punkt 2.3 for planering av naustområde, bygging av kaifront og oppføring av 5 naust på gnr. 87, bnr. 1, Hoshovde, jf. plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-7, nr. 11, jf. § 19-2.

På fylgjande vilkår:

- Kaifront skal oppførast i naturstein
- Naust skal byggjast i naturmateriale og etter skikk som står i stil med, og som er minst mogleg i konflikt med kulturmiljøet i området
- Skråning langs veg skal jordfyllast og beplantast

Grunngjeving:

Området vart ved utbetring av fylkesveg særskjært, og tiltaket vil vera med å forskjøna området vesentleg. Oppføring av naust i klynge fylgjer opp vilkåra som er gitt i sjø- og strandsonenplanen. Tiltaket vil føra til betre tilgang til strandsona i eit område som i dag er utilgjengeleg for ålmenta."

---

**052/18: 89/56 Mjøs - Søknad om dispensasjon for bruksendring av del av bygning og etablering av parkeringsplass**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Kommunen gjev dispensasjon frå reguleringsføresegn § 2, punkt 2.3, jf. plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-7, nr. 11 til bruksendring av del av eksisterande bygning til kiosk/landhandel og til etablering av parkeringsplass på gnr. 89, bnr. 56, jf. plan- og bygningslova § 19-2 på fylgjande vilkår:

- Regulert gangveg over gnr. 89, bnr. 56 skal ikkje nyttast til parkering og skal haldast open for gåande.

Kommunen gjev dispensasjon frå kommuneplanføresegn punkt 1.13, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-9 nr. 5, jf. § 1-8, til bruksendring av del av eksisterande bygning til kiosk/landhandel og til etablering av parkeringsplass på gnr. 89, bnr. 56, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

**24.05.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

**AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### PL - 052/18 VEDTAK:

"Kommunen gjev dispensasjon frå reguleringsføresegn § 2, punkt 2.3, jf. plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-7, nr. 11 til bruksendring av del av eksisterande bygning til kiosk/landhandel og til etablering av parkeringsplass på gnr. 89, bnr. 56, jf. plan- og bygningslova § 19-2 på fylgjande vilkår:

- Regulert gangveg over gnr. 89, bnr. 56 skal ikkje nyttast til parkering og skal haldast open for gåande.

Kommunen gjev dispensasjon frå kommuneplanføresegn punkt 1.13, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-9 nr. 5, jf. § 1-8, til bruksendring av del av eksisterande bygning til kiosk/landhandel og til etablering av parkeringsplass på gnr. 89, bnr. 56, jf. plan- og bygningslova § 19-2."

---

**053/18: 14/379 - Hatland - Søknad om dispensasjon - utnyttingsgrad for oppføring av 2 rekkjer med 4 einebustader i kvar rekkje - ny handsaming av dispensasjonssøknad**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

"Kommunen gjev dispensasjon frå gjeldande utnyttingsgrad i reguleringsplan Lonevåg - Hatland planID 504\_51, jf. plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-7, nr. 1, til auka utnyttingsgrad TU = 32 % på gnr. 14, bnr. 379, jf. byggeforskrift 1987 FOR-1987-05-27-458 kap. 22 nr. 22:1, bokstav c, jf. plan- og bygningslova § 19-2. Parkering skal ikkje reknast med.

**Grunngjeving:** Ein finn etter ei samla vurdering at fordelene med å gje dispensasjon for auka utnyttingsgrad på gnr. 14/bnr. 379 er klart større enn ulempene i dette høvet, jfr. rådmannen si saksutgreiing. Utvalet sluttar seg her til rådmannen sine vurderingar og tilråding i saka."

#### **24.05.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert returnert til administrasjonen for vidare utgreiing. Avvik som er påpeika frå fylkesmannen, er ikkje tilstrekkeleg svara for i saksutgreiinga slik den no ligg føre. Mellom anna er det ikkje dokumentasjon som synder at bygget er kontrollmålt slik fylkesmannen krev. Det er heller ikkje tilstrekkeleg dokumentert at det har vore praksis i Osterøy med å gje løyve med avvik inntil 0,5 meter på mønehøgde. Leikeareal er ikkje opparbeidd, noko som

er påpeika i klagen. Det kjem ikkje fra kva som står i opprinneleg byggeløyve med tanke på leikeareal. Det same gjeld for parkeringsareal. Dette er påpeika i klagen, men det framgår ikkje av saksutgreiinga kva som er gjeve løyve til gjennom opprinneleg byggeløyve.

-----  
Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 13. 40 - kl. 13.45 med gruppemøte for AP, SP, H og KRF.  
-----

## **AVRØYSTING**

### **Alternativ avrøysting**

Rådmannen sitt framlegg - 5 røyster (2AP,1H,1KRF,1SP)

FRP sitt framlegg - 2 røyster (2FRP)

-----  
Lars Fjeldstad, SP, fekk på vegner av SP,AP,H og KRF høve til å gje slik protokolltilførsel i saka:  
"Utvalet meiner at tildeling av lovbrotsgebyr skal vurderast i denne saka."

## **PL - 053/18 VEDTAK:**

"Kommunen gjev dispensasjon frå gjeldande utnyttingsgrad i reguleringsplan Lonevåg - Hatland planID 504\_51, jf. plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-7, nr. 1, til auka utnyttingsgrad TU = 32 % på gnr. 14, bnr. 379, jf. byggeforskrift 1987 FOR-1987-05-27-458 kap. 22 nr. 22:1, bokstav c, jf. plan- og bygningslova § 19-2. Parkering skal ikkje reknast med.

Grunngjeving: Ein finn etter ei samla vurdering at fordelene med å gje dispensasjon for auka utnyttingsgrad på gnr. 14/bnr. 379 er klart større enn ulempene i dette høvet, jfr. rådmannen si saksutgreiing. Utvalet sluttar seg her til rådmannen sine vurderingar og tilråding i saka."

-----  
**054/18: 146/102 - Reigstad Søndre - Søknad om dispensasjon for oppføring av mellombels bustadbrakker**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå føresegna i områdeplan Valestrand punkt 2.2 og 2.3, jf. plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-7, nr. 1, til oppføring av mellombels bustadbrakke med 6 integreringsbustader på gnr. 146, bnr. 102.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå forskrift om tekniske krav til byggverk § 12-2, 3. ledd ved oppføring av mellombels bustadbrakke med 6 integreringsbustader på gnr. 146, bnr. 102.

Grunngjeving: Ein finn etter ei samla vurdering at fordelane med å gje dispensasjon i dette høvet er klart større enn ulempene, og ein sluttar seg difor til rådmannen sine vurderingar og tilråding i saka. "



## 24.05.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett for synfaring."  
Framlegget vart trekt før avrøysting.

Atle Solberg, H, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett for synfaring. Ber og om at det vert utdjupa kva som er meint med "mellombels bustadbrakke". Kva tidshorisont er det snakk om."

### AVRØYSTING

UtsetjingsframleggET vart samrøystes vedteke.

### PL - 054/18 VEDTAK:

"Saka vert utsett for synfaring.

Ber og om at det vert utdjupa kva som er meint med "mellombels bustadbrakke". Kva tidshorisont er det snakk om."

-----  
**055/18: 146/108 - Reigstad - oppført mur er tilbakeført - søknad om dispensasjon er trekt**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

"Kommunen legg tilbakemelding og fotografi motteke 27.04.2018 til grunn og finn at eit eventuelt avvik frå godkjent søknad om oppføring av mur på gnr. 146, bnr. 108 er av mindre tyding. Kommunen avstår frå å forfylgje saka om oppført mur på gnr. 146, bnr. 108 og avsluttar saka om ulovlegoppfylgning utan vidare handsaming, jf. plan- og bygningslova § 32-1, 2. ledd. "

## 24.05.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

### AVRØYSTING

Rådmannens itt framlegg vart samrøystes vedteke.

### PL - 055/18 VEDTAK:

"Kommunen legg tilbakemelding og fotografi motteke 27.04.2018 til grunn og finn at eit eventuelt avvik frå godkjent søknad om oppføring av mur på gnr. 146, bnr. 108 er av mindre tyding. Kommunen avstår frå å forfylgje saka om oppført mur på gnr. 146, bnr. 108 og avsluttar saka om

ulovlegoppfylging utan vidare handsaming, jf. plan- og bygningslova § 32-1, 2. ledd. "

---

**056/18: gbnr 136/127 Eide, handsaming av klage - dispensasjon utnyttingsgrad, søknad om løyve til tiltak - bustadhus.**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Osterøy kommune tek ikkje klagen på negativt vedtak om dispensasjon etter pbl § 19-2 på gnr 136, bnr 126 til følgje. Vedtak i PT sak 008/18 vert oppretthalde, klagen vert send fylkesmannen i Hordaland for avgjerd.

#### **24.05.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg (som i sak 008/18): "Osterøy kommune gjev dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan for auka U-grad for tiltak på gnr. 136/127 frå gjeldande max U-grad på 30% opp til 38,73%. Grunngeving: Det er større fordelar enn ulemper med å gje dispensasjon slik me ser det."

#### **AVRØYSTING**

##### **Alternativ avrøysting**

Rådmannen sitt framlegg	-	5 røyster (1H,2AP,1SP,1KRF)
FRP sitt framlegg	-	2 røyster (2FRP)

#### **PL - 056/18 VEDTAK:**

"Osterøy kommune tek ikkje klagen på negativt vedtak om dispensasjon etter pbl § 19-2 på gnr 136, bnr 126 til følgje. Vedtak i PT sak 008/18 vert oppretthalde, klagen vert send fylkesmannen i Hordaland for avgjerd."

---

**057/18: Sakspapir 1/79 Loftås - Søknad om dispensasjon - endra møneretning ved oppføring av einbustad**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Kommunen gjev dispensasjon frå reguleringsplan detaljregulering Loftås B5-B9 arealplan-ID 2012003 reguleringsføresegn § 3.1.1, siste punktum, jf. plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-7 til endra møneretning og takform for ny einebustad på gnr. 1, bnr. 79, Loftås, jf. plan- og bygningslova § 19-2."

#### 24.05.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

##### AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

##### PL - 057/18 VEDTAK:

"Kommunen gjev dispensasjon frå reguleringsplan detaljregulering Loftås B5-B9 arealplan-ID 2012003 reguleringsføresegn § 3.1.1, siste punktum, jf. plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-7 til endra møneretning og takform for ny einebustad på gnr. 1, bnr. 79, Loftås, jf. plan- og bygningslova § 19-2."

---

**058/18: Oppstart av arbeid med reguleringsplan og offentlig ettersyn av planprogram for detaljregulering Olsneset - NKKS- Bruvik gbnr 154/1 planID 12532014002**

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Plan-og kommunalteknisk utval rår formannskapet til å rå Heradsstyret til å vedta oppstart av planarbeid for Detaljregulering Olsneset – NKKS- Bruvik gbnr 154/1 planID 12532014002 med planavgrensing og planprogram dagsett 24.03.18 for utlegging til offentlig ettersyn i medhald av plan-og bygningslova §§ 12-9 og 4-1.»

#### 24.05.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

##### AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg - samrøystes tilrådd

**PL - 058/18 VEDTAK:**

«Plan-og kommunalteknisk utval rår formannskapet til å rå Heradsstyret til å vedta oppstart av planarbeid for Detaljregulering Olsneset – NKKS- Bruvik gbnr 154/1 planID 12532014002 med planavgrensing og planprogram dagsett 24.03.18 for utlegging til offentlig ettersyn i medhald av plan-og bygningslova §§ 12-9 og 4-1.»

---

**059/18: Tildeling av fellingsløyve for hjort 2018 - fordelingsnøkkel**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fellingsløyve for hjort i Osterøy kommune med heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 21 vert det for 2018 fordelt etter følgjande kategoriar og %:

Kalv	30 %
Vaksne hodyr	35 %
Spissbukk	17,5 %
Vaksen bukk	17,5 %

Det blir tildelt etter teljande areal, jf. § 9 og minsteareal, jf. § 6. For å oppretthalde målet om å stabilisere stamma blir det tildelt ekstradyr etter 50% regelen, jf. § 7.

Godkjente bestandsplanområde får tildelt samla fellingsløyve for heile planperioden i tråd med godkjend bestandsplan, jf. § 18.

Tildeling av fellingsløyve for hjort skal vere kunnskapsbasert og i stor grad følgje uavhengige og anerkjente hjortefaglege tilrådingar og tilpassa lokale utfordringar.

**24.05.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert sendt i retur til administrasjonen. Følgande

må innarbeidast i saka: Vedteken endring i minsteareal frå sak 030/17 vedteke 08.03.2017, må implementerast i saka dette er vedteke i tråd med Forskrift om forvaltning av hjortevilt, § 6, andre ledd som slår fast at slik endring må skje før 15. januar. Vidare må konsekvens av endring i prosenttildeling forklarast på ein slik måte at verknad av vedtaket er tydeleg. No er det ikkje råd å forstå kva som er konsekvenst av endringane."

Grunngjeving: Sak om endring av minsteareal har vore teke opp ved fleire høve. Dette vart ikkje korrigert i planen når den vart handsama i 2017, men må leggjast inn i planen no. Legg ved utdrag frå protokollane som syner handsaming av saka gjennom 2017, i møta 23.08, 27.09 og 08.03.17. Minner og om at det er viktig for hjortestamma at det vert gjort kloke endringar i tildelinga for å sikre ei god og bærekraftig hjortestamme framover, samtidig som gardar i drift må prioriterast då desse opplever plagene direkte og økonomisk."

#### **AVRØYSTING**

##### **Alternativ avrøysting**

Rådmannen sitt framlegg	-	5 røyster (1H,2AP,1SP,1KRF)
FRP sitt framlegg	-	2 røyster (2 FRP)

#### **PL - 059/18 VEDTAK:**

"Fellingsløyve for hjort i Osterøy kommune med heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 21 vert det for 2018 fordelt etter følgjande kategoriar og %:

Kalv	30 %
Vaksne hodyr	35 %
Spissbuk	17,5 %
Vaksen bukk	17,5 %

Det blir tildelt etter teljande areal, jf. § 9 og minsteareal, jf. § 6. For å oppretthalde målet om å stabilisere stamma blir det tildelt ekstradyr etter 50% regelen, jf. § 7.

Godkjente bestandsplanområde får tildelt samla fellingsløyve for heile planperioden i tråd med godkjend bestandsplan, jf. § 18.

Tildeling av fellingsløyve for hjort skal vere kunnskapsbasert og i stor grad følgje uavhengige og anerkjente hjortefaglege tilrådingar og tilpassa lokale utfordringar."

---

#### **Andre saker/spørsmål**

*Trafikktryggleik på kommunal veg til Skår*

Jfr. spørsmål frå Siren Tyssebotn, FRP, i møtet 25. april.

Rådmannen viste til at i Trafikksikringsplanen er behov for gang- og sykkelveg prioritert som nr. 6.

Utvalet bad om vurdering av fartsdumpar og redusert fartsgrense. Eventuelt oppsetjing av skilt «Barn leker».

*Parkeringsplass v/Haus skule*

Spørsmål frå Øyvind Litland, AP, i møtet 25. april. Ei mogeleg løysing kan vera å leggja parkeringsarealet til skuletomta. Hastar med ei løysing.

Rådmannen viste til at saka ligg til handsaming, og ein ser på korleis ein best kan få løyst saka.

*Krav om lovlegkontroll sak 046/18 – gnr. 14/193 Hatland – Søknad om dispensasjon – oppføring av Familiens hus*

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, viste til brev av 26.04.18 og gjorde framlegg om å ta saka vart teken opp til handsaming direkte i møtet.

AVRØYSTING

Framlegget fall med 5 røyster (1H,2AP,1SP,1KRF) mot 2 røyster (2FRP)

-----

PROTOKOLLTILFØRSEL

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, fekk høve til å gje slik protokolltilførsel: «Når det gjeld lovlegkontrollen, var den levert inn i postkassen på rådhuset 01. mai og er journalført 02. mai. Det er altså gått 20 dagar sidan denne vart registrert inn. Det er eit vedtak som er grunnlaget for ein lovlegkontroll, og denne skal difor ikkje sakshandsamast. Det er utvalet som skal ta stode til om dei vel å ta saka opp til ny handsaming og endre vedtaket, eller om dei skal halde på vedtaket og la fylkesmannen vurdere saka. Rådmannen skal difor ikkje innstille til saka.

Dersom rådmannen i ettertid har vurdert saksframlegget til saka for mangelfullt, kan det i så tilfelle leverast med eit notat eller liknande når papira vert sende ut. Eit slikt notat burde vere mogeleg å forfatte på dei 20 dagane som er gått sidan kontrollen vart journalført og såleis kjend for administrasjonen.

Minner nok ein gong om at det er kravd utsett iverksetjing av saka, noko som gjer saka tyngre dersom den ikkje kjem opp no.

Ein ser det som svært alvorleg at ein lovlegkontroll om eit slikt vedtak, og der det vert kravd utsett iverksetjing, ikkje vert teke opp til handsaming trass god tid på å få lagt saka fram. Ein minner om at lovlegkontroll til heradsstyret som vart levert same dagen, er kome med på innkallinga som vart sendt ut 23.05.18, så her har administrasjonen funne nok tid for å få den med. Ein stiller difor spørsmål med bakgrunnen for treneringa av denne lovlegkontrollen.»

-----

Annbjørg Bysheim Herland, KRF, gjekk frå møtet no – 6 medlemmer/varamedlemmer til stades.

-----

*Parkeringsplass v/ballbingen på Valestrand*

Siren Tyssebotn, FRP, tok opp problem med at bilvrak vert plasserte på parkeringsplassen

*Veg frå Tveiten til Åsheim, Hosanger*

Siren Tyssebotn, FRP, Tok opp spørsmål om dårleg dekke på vegen, og låge bilar tek ned i på midten.

-----  
Rådmannen kjem tilbake med svar i seinare møte.

-----  
Til å skriva under møteprotokollen saman med utvalsleiar vart desse valde: Siren Tyssebotn og Lars Fjeldstad

Lonevåg, 28.05.18

Bente Skjerping  
utvalssekretær

-----  
Atle Solberg  
utvalsleiar

-----  
Siren Tyssebotn

-----  
Lars Fjeldstad